



Saksmappe: 2023/662  
Sakshandsamar: SLS  
Dato: 28.05.2024

## SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
60/24	Plan, miljø- og ressursutvalet	04.06.2024
49/24	Formannskapet	06.06.2024
53/24	Kommunestyret	19.06.2024

### Vedtak av planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi for Bygland kommune

#### ***Kommunedirektøren si innstilling:***

Kommunestyret vedtar planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi for Bygland kommune (Kommuneplanprogram 2024-2028).

#### **Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 60/2024 i møte den 04.06.2024:**

##### **Handsaming:**

Endringsframlegg frå Bygland Høgre:

«Planprogrammet vedtas som fremlagt, men der innspillene fra Sp, Ap og H legges ved i sin helhet, og utgjør med det Kommuneplanprogrammet for Bygland kommune 2024-2028».

Endringsframlegget frå Bygland Høgre blei samrøystes vedteken

##### **Vedtak:**

Innstilling til kommunestyret:

«Planprogrammet vedtas som fremlagt, men der innspillene fra Sp, Ap og H legges ved i sin helhet, og utgjør med det Kommuneplanprogrammet for Bygland kommune 2024-2028».

#### **Formannskapet si handsaming av sak 49/2024 i møte den 06.06.2024:**

##### **Handsaming:**

Endringsframlegg frå Knut Vatsend: Planprogrammet vedtas som fremlagt, men der innspillene fra Sp, Ap og H legges ved i sin helhet, og utgjør med det Kommuneplanprogrammet for Bygland kommune 2024-2028.

Røysting: Samrøystes.

**Vedtak:**

Planprogrammet vedtas som fremlagt, men der innspillene fra Sp, Ap og H legges ved i sin helhet, og utgjør med det Kommuneplanprogrammet for Bygland kommune 2024-2028.

**Kommunestyret si handsaming av sak 53/2024 i møte den 19.06.2024:****Handsaming:**

Formannskapet si innstilling blei samrøystes vedteken

**Vedtak:**

Planprogrammet vedtas som fremlagt, men der innspillene fra Sp, Ap og H legges ved i sin helhet, og utgjør med det Kommuneplanprogrammet for Bygland kommune 2024-2028.

**SAKSUTGREIING****Saksvedlegg**

- 1 Kommuneplanprogram 2024-2028 Vedtaksdokument
- 2 Samanstilling av innspel

**Saksvedlegg som ligg på heimesida**

Store saksvedlegg blir lagt under «Politikk» og «Dokument og linkar til politisk arbeid» på kommunen si nettside [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Ingen

**Bakgrunn for saka**

Kommunestyret vedtok 14.03.2024 i sak 21/24 å varsle oppstart av planarbeid og sende planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi for Bygland kommune på høyring og legge dokumentet ut til offentlig ettersyn. Høyringsperioden var 14. mars til 3. mai 2024.

**Formelt grunnlag**

Plan- og bygningslova §§ 10-1, 11-12 og 11-13.

**Vurderingar og konsekvensar****Merknader**

Det kom inn 12 merknadar til varselet om planoppstart og forslaget til planprogram og planstrategi. Merknadane er lagt ved saka i vedlegget *Samanstilling av innspel*.

I tabellen under er merknadane kort oppsummert og kommentert. Innspel som har medført endring i dokumentet Kommuneplanprogram 2024-2028, er markert med feitt skrift.

Avsendar		Merknad	Tilsvar
Bygland bondelag	1	Oppmodar kommunen om å implementere ein konkret plan for kontroll av bu- og driveplikta.	Ei livskraftig jordbruksnæring og eit kulturlandskap som er halde i hevd gir arbeidsplassar og attraktivitet. Forslaget blir tatt med i arbeidet med økonomi- og handlingsplanen.
	2	Auka medvit kring ansvar og plikter som følgjer med å eige og drive jord- og skogbruksareal.	Sjå svar under pkt. 1.
Rådet for eldre og funksjonshemma	Kommunen må arbeide for å bli ei meir aldersvennleg kommune ved å prioritere følgjande:		
	1	Kartlegge buforhold, helse og ernæring.	Kommunen har utarbeidd dokumentet Kunnskapsgrunnlag som inkluderer folkehelseoversikt jf. krav i folkehelselova § 5. Dokumentet ligg på heimesida til kommunen.
	2	Legge til rette for eit tilfredsstillande transporttilbod.	Kommunen har dialog med AFK med omsyn til AKT Svipp og det blir også vurdert ei løysing i regi av Frivilligsentralen. Forslaget blir tatt med i arbeidet med økonomi- og handlingsplanen.
	3	Etablere lågterskeltilbod med fokus på aktivitet og informasjon.	Frivilligsentralen arbeider mykje med aktivitetar for eldre. Administrasjonen har auka fokus på god informasjon.
	4	Arbeide aktivt for å unngå utanforskap.	Utanforskap og einsemd er utfordringar vi har i kommunen. Det er løfta fram som eit utviklingstrekk i planprogrammet.
	5	Auke innsatsen for å få fleire digitale.	Forslaget blir tatt med i arbeidet med samfunnsdelen og økonomi- og handlingsplanen.
	6	Behalde Byglandsnytt.	Eit konkret tiltak som blir tatt med i arbeidet med økonomi- og handlingsplanen.
	7	Satse på bukollektiv for eldre.	Utvikling av bustadmarknaden i kommunen er ein sentral del av utfordringsbilete og inngår i omstillingsprosjektet.
8	Arbeide for å nå måla i <b>Meld. St. 24</b> Fellesskap og meistring — Bu trygt heime.	Stortingsmeldinga inneheld gode mål og målsettingar for å møte dei demografiske endringane. Måla kan vi nytte oss i arbeidet med samfunnsdelen og økonomi- og handlingsplanen.	
Gunnar Harstad	Innspel til tema infrastruktur i framtidig arealstrategi:		
	1	Bygge ut (meir) vasskraft og bygge/etablere vind-/hybridkraft i kommunen	Vi tar med oss innspelet i arbeidet med samfunnsdelen og tiltak i økonomi- og handlingsplanen.
	2	Sette av areal for framtidig kjernekraftverk.	Dette vart også spela inn til revideringa av arealdelen, men vart ikkje tatt med i planforslaget. Det er rom for å gjere ei nyvurdering i samband med arealstrategien og tas med i arbeidet med samfunnsdelen

Avsendar	Merknad	Tilsvar
	Innspel til verkemiddel/tiltak til utviklingstrekket økonomisk berekraft:	
	3 Bygge ut meir energi/kraft i kommunen, jf. kulepunkt over, for å generere kraftinntekter og legge til rette for kraftproduksjon som er utan CO2-utslepp.	Sjå svar under pkt. 1a.
Agder fylkeskommune	1 Tiltrår at kommunen diskuterer korleis kommunen vil jobbe med dei tre hovudutfordringane som Regionplan Agder 2030 skildrar.	Kommunen har gjennomført politiske samlingar der tematikken har blitt diskutert. Utfordringane vil ligge til grunn for det vidare planarbeidet også.
	2 Vurderer at utfordringane knytt til inkludering i arbeidslivet og auka innsats for eit samfunn tilpassa fleire eldre er særleg aktuelle.	Kommunen er eining i at det er to store utfordringar som vil bli vektlagt i det vidare planarbeidet.
	3 Arealstrategiane bør ta utgangspunkt i arealrekneskapen som viser planreserve for bustad, fritidsbustad og næring	Arealrekneskapen er ei viktig kjelde til kunnskap om planreserve, og vil ligg til grunn for arealstrategiane
	4 Vurdere behov for vern av dyrka mark basert på at det ligg inne mange byggeområde på dyrka mark.	Kommunen er bevisst det ansvaret vi har for å ta i vare dyrka mark. Behov for vern vil bli vurdert i arbeidet med arealstrategien.
	5 Støtter forslaget om å vurdere tilgjengelege bustader i sentrumsområda og at det ikkje må bli nedprioritert i forhold til ønskje om å tilby store tomter og breidd busetting.	Kommunen ønskjer å legge til rette for ein meir variert bustadmarknad der nye bustader i sentrumsområda inngår som eit positivt bidrag.
	6 Oppmoding om å sjå nærmare på handlingsrommet for auka klimaomstilling i eigen organisasjon.	Kommunen arbeider med miljøfyrtårnsertifisering av alle kommunale bygg. Dette arbeidet vil bli vidareført i økonomi- og handlingsplanen.
	7 Vurdere eit årleg klimabudsjett som del av handlings- og økonomiplanen.	Kommunen vil vurdere dette, men det blir tidlegast i 2025 grunna fleire store planprosessar i år
	8 Saknar ei vurdering av arealbruksendringar som sentral årsak til klimagassutslepp og tap av naturmangfald.	<b>I kapittel om klima og miljø på side 11 er det lagt til tekst i 2. avsnitt som omhandlar dette.</b>
Nei til vindkraft i Setesdal	1 Kjem ikkje fram av planforslaget at vern av natur og naturmangfald blir vektlagt i særleg grad.	<b>I kapittel om klima og miljø på side 11 er det lagt til tekst i 2. avsnitt som omhandlar dette.</b> Fokuset på å ta vare på natur og naturmangfald blir også tatt med i det vidare arbeidet med samfunnsdelen.
Direktoratet for mineralforvaltning	1 I arbeidet med planstrategien bør det bli gjort ei vurdering av om eksisterande plangrunnlag i tilstrekkeleg grad bidreg til å sikre god og langsiktig forvaltning av kommunen sine arealressursar.	Forslaget blir tatt med i arbeidet med økonomi- og handlingsplanen.
	2 Ved evaluering av om kommuneplanen sin arealdel skal rullerast eller ikkje, bør kommunen vurdere om gjeldande arealdel synleggjer viktige mineralressursar og mineraluttak i tråd med nasjonale mål og forventningar, og om kommunen har	Innspelet blir tatt med ved neste revidering av arealdelen.

Avsendar		Merknad	Tilsvar
		tilgang på nødvendige mineralske ressursar for realisering av planlagt utbygging.	
	3	Kommunen kan også vurdere om det er behov for ein temaplan for mineralressursar, som tar for seg lokal forvaltning av ressursane.	Forslaget blir tatt med i arbeidet med økonomi- og handlingsplanen.
	4	DMF tilrår at temaet mineralressursar blir tatt med ved rullering av samfunnsdelen, slik at det blir lagt overordna føringar for mineralske ressursar og område for råstoffutvinning før revisjon av kommuneplanen sin arealdel.	Tilrådinga blir tatt med i arbeidet med samfunnsdelen og arealstrategien.
	5	Kommunen bør i samfunnsdelen gjere greie for tilgangen til byggeråstoff i kommunen og korleis mineralressursane skal forvaltast lokalt.	Tilrådinga blir tatt med i arbeidet med samfunnsdelen.
Statens vegvesen	1	Oppfordring om at det gjennom god arealplanlegging blir lokalisert areal til bustader og næring der det er mogleg å minimere biltrafikken.	Oppfordringa blir tatt med vidare i arbeidet med arealstrategien.
	2	Viktig å få gode og sikre løysingar som bidrar til at barn og unge kan gå eller sykle til skulen og gode miljø i tettstadane som bidrar til å minimere bruken av bil.	Kommunen ønskjer aktive og livskraftige bygdelag i heile kommunen, men har også ei målsetting om å minimere biltrafikken der det er mogleg. Innspelet blir tatt med i arbeidet med samfunnsdelen og arealstrategien.
	3	Samfunnstryggleik og beredskap vil også vere eit viktig tema sett i lys av konsekvensane av klimaendringane.	Kommunen seier seg einig i dette, og tar innspelet med i det vidare planarbeidet.
Statsforvaltaren i Agder	1	Statsforvaltaren meiner at demografi, klima og natur er dei tre viktigaste utfordringane for kommunane på Agder, og at desse bør bli prioriterte i inneverande valperiode.	Dette er viktige utfordringar som kommunen tar på alvor. Det er også andre utfordringar som bustadmarknad, levekår og næringsutvikling som kommunen må arbeide med. Kommunen kan ikkje arbeide like aktivt med alt, og gjer ei prioritering basert på kva som er til det beste for god utvikling og gode bumiljø i kommunen.
	2	For å handtere arealkonfliktar bør kommunen sørge for å ha oppdaterte planar som tar arealutfordringane på alvor.	Kommunen er i prosess med revidering av kommunen sin arealdel og med oppheving av dei eldste planane.
	3	Kommunen kan vurdere å utarbeide ein kommunal jordvernstrategi, samt sjå nærare på planvask ei høve jordvern i neste rullering av arealdelen.	Innspelet blir tatt med i arbeidet med økonomi- og handlingsplanen og i vurderinga ved neste rullering av arealdelen.
	4	Statsforvaltaren antar at kommunen sin status som omstillingskommune vil vere naturleg å omtale i ny samfunnsdel.	Status som omstillingskommune vil bli omtala i ny samfunnsdel.
	5	Statsforvaltaren gir råd om at kommunen også tar høgde for ei utvikling der ein ikkje	Kommunen tar med seg rådet i det vidare plan- og utviklingsarbeidet.

Avsendar		Merknad	Tilsvar
		lukkast med å snu trenden med nedgang i folketal i vesentleg grad.	
	6	Statsforvaltaren oppfordrar til å omtale både vidare arbeid i forhold til ei aldrende befolkning, eigen økonomisk situasjon og korleis kommunen skal rigge sine framtidige helsetenester i samfunnsdelen.	Kommunen vil følgje opp oppfordringa om å omtale dette i samfunnsdelen.
	7	Statsforvaltaren meiner at samfunnstryggleik og beredskap generelt bør ha ein større plass i overordna planar.	Kommunen er seg bevisst kor viktig samfunnstryggleik og beredskap er. Det er omtala i eige kapittel i gjeldande samfunnsdel, og det er viktig å halde fokus på dette vidare. Vi tar med oss oppfordringa i vidare arbeide med overordna planar.
	8	Ei overordna målsetting bør vere å auke næringsverksemda knytt til dei hyttene som allereie finst, meir enn å satse på bygging av nye hytter på nye naturområde.	Innspelet blir tatt med i vidare arbeid med arealstrategien.
Mattilsynet	1	Det framgår ikkje at nasjonale mål for vatn og helse er lagt til grunn for planprogrammet.	Vassforsyning og avløp er kritisk infrastruktur. <b>Det er lagt inn lenke til nasjonale mål for vatn og helse i kapittelet «Føringar for planarbeidet» side 7.</b>
	2	Forventning om at omsyna som er gitt i Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging blir lagt til grunn.	Dei nasjonale føringane for regional og kommunal planlegging ligg inne som føring for planarbeidet på side 6.
	3	Avgjerande for kommunen sin oversikt at det ligg føre oppdatert heilskaplege vatn- og avløpsplanar som dekkjer heile kommunen.	Kommunen har nyleg vedtatt hovudplan for vatn og avløp som dekkjer heile kommunen. Vidare utarbeiding av VA-planar blir vurdert etter behov.
	4	5 innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel med fokus på å trygge drikkevatt.	Innspele blir tatt med i det vidare arbeidet med samfunnsdelen og økonomi- og handlingsplanen.
NVE	1	NVE tilrår kommunen å vurdere om ein arealstrategi kan bli forankra i kommunen sin planstrategi og/eller i kommuneplanen sin samfunnsdel.	Planprogrammet seier at kommuneplanen sin samfunnsdel skal innehalde ein arealstrategi (side 4).
	2	Samfunnsdelen bør gi føringar for bruk og vern av areal med flaumdempande verknad.	Innspelet blir tatt med i arbeidet med samfunnsdelen og arealstrategien.
	3	Arealstrategien bør ha mål om å unngå utfylling i vassdrag og den bør omtale restaurering av vassdrag og opning av vassdrag.	Innspelet blir tatt med i arbeidet med samfunnsdelen og arealstrategien.
	4	Kommunen bør legge vurderingar av tilgang til energi og tilhøyrande infrastruktur som ein premiss for planarbeid knytt til etablering av nye næringsareal.	Innspelet blir tatt med i arbeidet med samfunnsdelen og arealstrategien.
	5	NVE tilrår at dei nasjonale føringane blir lagt til grunn for arbeidet med planstrategien.	Dei nasjonale føringane for regional og kommunal planlegging ligg inne som føring for planarbeidet på side 6.

Avsendar		Merknad	Tilsvar
Torhild Austad	1	Natur, naturtap, naturmangfald og naturvern har fått alt for liten plass i planprogrammet.	<b>I kapittel om klima og miljø på side 11 er det lagt til tekst i 2. avsnitt som omhandlar dette.</b> Fokuset på å ta vare på natur og naturmangfald blir også tatt med i det vidare arbeidet med samfunnsdelen.
	2	Kommune bør utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald.	Innspelet blir tatt med i arbeidet med økonomi- og handlingsplanen.
	3	Større vektlegging på natur som førebyggjande tiltak for auka livskvalitet og betre folkehelse.	Plan for friluftslivet sine ferdselsårer nærmar seg ferdig, og den har stort fokus på ferdsel i natur som eit positivt bidrag til helse og livskvalitet. Innspelet blir også tatt med i arbeidet med samfunnsdelen og arealstrategien.
	4	Kommunen må vere bevisst ansvaret med å følgje opp resultat frå ulike undersøkingar, som Ungdata med omsyn til oppvekst og levekårsforhold.	Kommunen har fokus på å nytte resultat frå undersøkingar som grunnlag for utvikling av gode lokalsamfunn.
	5	Forslag om å ha kultur som eige tema i samfunnsdelen.	Forslaget blir tatt med i arbeidet med samfunnsdelen.
Beate Messel Waarøe	1	Saknar meir fokus på natur og naturen si tyding for alt liv med vekt på bevaring av naturen.	<b>I kapittel om klima og miljø på side 11 er det lagt til tekst i 2. avsnitt som omhandlar dette.</b> Fokuset på å ta vare på natur og naturmangfald blir også tatt med i det vidare arbeidet med samfunnsdelen.
	2	Saknar større vekt på klima og miljø i planprogrammet.	Dette er viktige utfordringar som kommunen tar på alvor. Det er også andre utfordringar som bustadmarknad, levekår og næringsutvikling som kommunen må arbeide med. Kommunen kan ikkje arbeide like aktivt med alt, og gjer ei prioritering basert på kva som er til det beste for god utvikling og gode bumiljø i kommunen.
	3	Kommune bør utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald.	Innspelet blir tatt med i arbeidet med økonomi- og handlingsplanen.
	4	Kommunen sitt ansvar for bevaring og vern av villreinen må tas med i samfunnsdelen.	Plan for friluftslivet sine ferdselsårer nærmar seg ferdig, og den har stort fokus på villreinen og leveområda til denne. Heiplanen inngår i planforslaget til kommuneplanen sin arealdel. Innspelet blir tatt med i arbeidet med samfunnsdelen.
	5	Legge til rette for etablering av gang- og sykkelveg i større grad, for eksempel mellom bygdene.	Innspelet blir tatt med i arbeidet med arealstrategien og økonomi- og handlingsplanen. Det er lagt inn fleire gang- og sykkelveggar mellombygdene i planforslaget til kommuneplanen sin arealdel.
	6	Natur, kultur, næringsliv, skule og helse bør vere tyngdepunkta i framtidsbilete og prioriterte satsingsområde.	Innspelet blir tatt med i arbeidet med samfunnsdelen.

## Planoversikt

Hovudplan for vatn og avløp vart vedtatt i kommunestyret 14. mars 2024. Planen er lagt til i planoversikta på side 15.

## **Konklusjon**

Kommunedirektøren tilrår at forslag til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi for Bygland kommune blir vedtatt slik det ligg føre i vedlegg *Kommuneplanprogram 2024-2028*. Merknadar frå høyringa blir tatt med vidare som innspel til arbeidet med samfunnsdelen og økonomi- og handlingsplanen.

*Bygland, 26.04.2024*

Kommunedirektør